

fiske 412.5 Torsk
Bergen, 15.3.1983
LG/LM

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 34/83
(Jfr. J. 130/82)

FORSKRIFT OM ENDRING I FORSKRIFTER AV 10. DESEMBER 1982 OM FISKE ETTER TORSK NORD FOR 62° N.BR. I 1983 MED KONVENSJONELLE REISKAPAR OG MED SLIKE REISKAPAR I KOMBINASJON MED TRÅL. (TORSKEREGLERINGSFORSKRIFTENE).

Med heimel i § 4, jfr. §§ 1 og 6 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. januar 1964, § 5 i lov av 20. april 1951 om fiske med trål, jfr. kgl. res. av 11. januar 1974 og §§ 10 og 10b i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket har Fiskeridepartementet 1. mars 1983 bestemt:

I

I Fiskeridepartementets forskrifter av 10. desember 1982 om fiske etter torsk nord for 62° n.br. i 1983 med konvensjonelle reiskapar og med slike reiskapar i kombinasjon med trål, (Torskereguleringsforskriftene), gjøres følgende endringer:

§ 1 første ledd skal lyde:

I området nord for 62° n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk frå fredag kl. 2400 til søndag kl. 2400 i tida frå 15.april til og med 31.desember 1983.

§ 2 første og andre ledd skal lyde:

I området nord for 62° n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk frå fredag 25. mars 1983 kl. 2400 til søndag 10. april 1983 kl. 2400.

I området nord for 67° n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk.

- a) frå fredag 1. juli 1983 kl. 2400 til søndag 31. juli 1983 kl. 2400.
- b) frå fredag 16. desember 1983 kl. 2400 til laurdag 31. desember 1983 kl. 2400.

§ 7 første og andre ledd skal lyde:

Farty med konsesjon for trålfiske etter reker, jfr. midlertidige forskrifter om adgangen til å drive trålfiske etter reker av 23. juni 1978 (reketrålforskriftene), kan i 1983 ikkje fiske meir enn totalt 12.600 tonn torsk rund vekt i området nord for 62° n.br.

Kvart farty som har konsesjon for trålfiske etter reker kan i 1983 ikkje fiske meir enn 275 tonn torsk rund vekt i området nord for 62° n.br.

§ 9 første ledd skal lyde:

Farty som driv fiske med garn og line etter torsk, hyse, sei, kveite, blåkveite, pigghå, lange, blålange og brosme i sonene til andre land kan i 1983 ikkje fiske meir enn totalt 275 tonn torsk rund vekt med andre reiskap enn trål i norsk sone mellom 62° n.br. og 65° n.br. og i området nord for 65° n.br. og aust for 0-meridianen.

§ 10 første ledd skal lyde:

Farty som i 1983 vil drive fiske med garn og line i sonene til andre land etter dei fiskslaga som er nemnde i § 9 må seinast 7. mars 1983 registrerast hos Fiskeridirektøren.

II

Denne forskrift trer i kraft straks.

FORSKRIFT OM ENDRING I FORSKRIFTER AV 10. DESEMBER 1982 OM FISKE ETTER TORSK NORD FOR 62° N.BR. I 1983 MED KONVENSJONELLE REISKAPAR OG MED SLIKE REISKAPAR I KOMBINASJON MED TRÅL. (TORSKEREGLERINGSFORSKRIFTENE).

Med heimel i § 4, jfr. §§ 1 og 6 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. januar 1964, § 5 i lov av 20. april 1951 om fiske med trål, jfr. kgl. res. av 11. januar 1974 og §§ 10 og 10b i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket har Fiskeridepartementet 14. mars 1983 bestemt:

I

I Fiskeridepartementets forskrifter av 10. desember 1982 om fiske etter torsk nord for 62° n.br. i 1983 med konvensjonelle reiskapar og med slike reiskapar i kombinasjon med trål, (Torskereguleringsforskriftene), gjøres følgende endringer:

§ 2 første ledd skal lyde:

I området nord for 62° n.br. og vest for Sværholt i Finnmark er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk frå fredag 25. mars 1983 kl. 2400 til måndag 4. april 1983 kl. 2400.

§ 2 tredje ledd skal lyde:

For fiske med snurrevad gjeld forbodsperioden etter første ledd til tysdag 5. april 1983 kl. 2400, og forbodsperioden etter andre ledd a) til måndag 1. august 1983 kl. 2400.

§ 4 skal lyde:

Bifangst.

I periodane med forbod mot fiske etter torsk, jfr. §§ 1 og 2, er det forbode å ta større bifangstar av torsk ved fiske etter andre fiskeslag ennn 15% aust for Sværholt i Finnmark og 10% i andre kystområde, begge rekna i vekt av heile fangsten om bord eller ved landing.

II

Denne forskrift trer i kraft straks.

Etter disse endringane har forskriftene denne ordlyden:

FORSKRIFTER OM FISKE ETTER TORSK NORD FOR 62° N.BR. I 1983 MED KONVENSJONELLE REISKAPAR OG MED SLIKE REISKAPAR I KOMBINASJON MED TRÅL. (TORSKEREGULERINGSFORSKRIFTENE).

Kap. I.

Utvida helgefreding, periodar med fiskestopp og avgrensing i garnmengda.

§ 1.

Utvida helgefreding.

I området nord for 62° n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk frå fredag kl. 2400 til søndag kl. 2400 i tida frå 15. april til og med 31. desember 1983.

Forbodet eller første ledd gjeld og frå kl 0000 til kl 2400 torsdag 12. mai, tirsdag 17. mai og måndag 23. mai 1983.

For fiske med snurrevad gjeld forbodet etter første ledd frå fredag kl 2400 til måndag kl 2400.

Reiskap som grunna uver ikkje kan dragast innan forbodstida etter første og andre ledd tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

§ 2.

Fiskestopp.

I området nord for 62° n.br. og vest for Sværholt i Finnmark er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk frå fredag 25. mars 1983 kl 2400 til måndag 4. april 1983 kl 2400.

I området nord for 67° n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk.

- a) frå fredag 1. juli 1983 kl 2400 til søndag 31. juli 1983 kl 2400.
- b) frå fredag 16. desember 1983 kl 2400 til laurdag 31. desember 1983 kl 2400.

For fiske med snurrevad gjeld forbodsperioden etter første ledd til tysdag 5. april 1983 kl 2400, og forbodsperioden etter andre ledd a) til måndag 1. august 1983 kl 2400.

Reiskap som grunna uver ikkje kan dragst innan forbodstidene etter første og andre ledd tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

Fiskeridirektøren kan utvide virkeområdet for denne paragraf til å gjelde sør for 62° n.br.

§ 3.

Sportsfiske.

Forbodet mot fiske etter torsk i §§ 1 og 2 gjeld og sportsfiske. Utan hinder av dette forbodet kan det likevel fiskast til eige konsum med stong og handsnøre. Fisket må avgrensast til dei kvanta av torsk som går med eigen huslyd sin trong for fersk fisk i forbodsperiodane nemnda i §§ 1 og 2.

Fangst som nemnd i første ledd kan ikkje omsetjast eller tilverkast for sal.

Fiske med juksa-maskin vert ikkje å rekne som handsnøre etter denne paragrafen.

Medan Lofotoppsynet er sett gjeld framleis Fiskeridepartementets forskrifter av 6. november 1974 om forbod mot alt sportsfiske på søn- og helgedagar i Lofoten oppsynsområde.

§ 4.

Bifangst.

I periodane med forbod mot fiske etter torsk, jfr. §§ 1 og 2, er det forbode å ta større bifangstar av torsk ved fiske etter andre fiskeslag enn 15% aust for Sværholt i Finnmark og 10% i andre kystområde, begge rekna i vekt av heile fangsten om bord eller ved landing.

§ 5.

Garnmengde.

Ved fiske etter torsk nord for 62^o n.br. kan det etter 15. april 1983 maksimalt brukast så mange garn pr. mann:

1-manns båt	40
2-manns båt	35
3-manns båt	32
4-manns båt	30
5-manns båt	28
6-manns båt	26
7-manns båt	24
8-manns båt	22
9-manns båt og over	20

Lengda på kvart garn skal ikkje vere større enn 30 m.

KAP. II.

Kvoteregulering av farty som fiskar etter torsk berre med konvensjonelle reiskapar og farty som fiskar med slike reiskapar i kombinasjon med reketrål og trål.

§ 6.

Maksimalkvote for farty som fiskar med konvensjonelle reiskapar.

Kvart farty som fiskar torsk med andre reiskapar enn trål kan i 1983 ikkje fiske meir enn 500 tonn torsk rund vekt i området nord for 62^o n.br. Farty som har konsesjon for å drive trålfiske etter torsk, jfr. forskrifter om tildeling av tillatelse til å drive fiske med trål av 28. april 1978, og som driv slikt fiske i kombinasjon med garn, line eller juksa kan heller ikkje fiske meir enn 500 tonn torsk i nemnde område.

Farty som har fiska opp maksimumkvoten etter første ledd kan ved fiske etter andre fiskeslag take 10 % bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Bifangst av torsk som overstig 10 % skal reknast som overfiske av maksimumkvoten etter første ledd.

§ 7.

Kvote for farty med konsesjon for reketrålfiske.

Farty med konsesjon for trålfiske etter reker, jfr. midlertidige forskrifter om adgangen til å drive trålfiske etter reker av 23. juni 1978 (reketrålforskriftene), kan i 1983 ikkje fiske meir enn totalt 12.600 tonn torsk rund vekt i området nord for 62^o n.br.

Kvart farty som har konsesjon for trålfiske etter reker kan i 1983 ikkje fiske meir enn 275 tonn torsk rund vekt i området nord for 62^o n.br.

Fiskeridirektøren kan stoppe fisket når det er utrekna at totalkvoten etter første ledd er oppfiska.

Etter at totalkvoten etter første ledd er oppfiska kan det ved fiske etter andre fiskeslag takast 10 % bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Denne bifangstregelen gjeld og for farty som har fiska opp kvoten etter andre ledd før fisket er stoppa etter tredje ledd. Bifangst av torsk som overstig 10 % skal reknast som overfiske av kvoten etter andre ledd.

§ 8.

Kvoteregulering av farty med konsesjon både for reketrålfiske og torsketrålfiske.

Reglane i § 7 gjeld og for farty på 200 br.reg. tonn eller mindre, som i tillegg til konsesjon for trålfiske etter reker også har konsesjon for trålfiske etter torsk, jfr. midlertidige forskrifter om tildeling av tillatelse til å drive fiske med trål av 28. april 1978.

Farty over nemnde storleik som har konsesjon både for reketrålfiske og torsketrålfiske kjem ikkje inn under kvotereguleringa etter § 7 og blir kvoteregulert i medhald av forskrifter om regulering av trålfiske etter torsk nord for 62^o n.br. i 1983 av 10. desember 1982. For farty på 200 br.reg. tonn eller mindre vises det til § 6 tredje ledd i nemnde forskrifter.

KAP. IIIMaksimalkvote for farty som driv fiske med garn og line etter botnfisk i andre lands soner.

§ 9.

Farty som driv fiske med garn og line etter torsk, hyse, sei, kveite, blåkveite, pigghå, lange, blålange og brosme i sonene til andre land kan i 1983 ikkje fiske meir enn totalt 275 tonn torsk rund vekt med andre reiskap enn trål i norsk sone mellom 62^o n.br. og 65^o n.br. og i området nord for 65^o n.br. og aust for 0-meridianen.

Sonene til andre land omfattar i §§ 9, 10 og 11 i EF-sona, færøysk sone, islandsk sone og NAFO-området.

§ 10.

Registreringsplikt og reglar om overfiske.

Farty som i 1983 vil drive fiske med garn og line i sonene til andre land etter dei fiskeslaga som er nemnde i § 9 må seinast 7. mars 1983 registrerast hos Fiskeridirektøren.

Farty som har overfiska kvoten etter § 9, første ledd, eller som ikkje seinast 7. mars 1983 er registrert etter § 10, kan i 1983 ikkje drive fiske med garn og line i sonene til andre land etter dei fiskeslaga som er nemnde i § 9. I slike tilfelle gjeld maksimalkvoten på 500 tonn i § 6.

Utan omsyn til forbodet i andre ledd kan Fiskeridirektøren tillate eit farty å drive slikt fiske i sonene til andre land som nemnd i § 9, når overfisket av maskimalkvoten etter § 9 blir inndregen av vedkomande salslag, jfr. § 10b i lov om regulering av deltakelsen i fisket av 16. juni 1972.

§ 11.

Bifangst.

Farty som har fiska opp kvoten sin etter § 9 kan ved fiske etter andre fiskeslag take 10 % bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Bifangstar som overstig 10 % skal reknast som overfiske av kvoten etter § 9.

KAP IV.Utfyllande reglar.

§ 12.

Fiskeridirektøren kan gi forskrifter om gjennomføring og utfylling av desse forskriftene.

KAP V.Straffereglar.

§ 13.

Aktlause eller forsettlege brot på desse forskriftene og medverknad til slike brot blir straffa med bøter, jfr. § 69 i lov om salvannsfiskeriene og § 11 i lov om regulering av deltakelsen i fisket av 16. juni 1972 og § 13 i lov av 20. april 1951 om fiske med trål.

KAP VI.Iverksetting.

§ 14.

Desse forskriftene trer i kraft 1. januar 1983.